
Fra: Margareth Nyhammer <mafrony@hotmail.no>
Sendt: 19. juni 2016 16:17
Til: Postmottak Lindås
Emne: Klage på godkjent reguleringsplan for Alverflaten 137/188

Så fekk me endeleg eit svar på vår klage datert 27/8-14 vedrørende reguleringsplan for Alverflaten 137/188. Denne klagen var skreve til Fylkesmannen i Hordaland, via Lindås kommune. Det var vel ikkje Lindås kommune som skulle avvise klagen etter 1 år og 9 månader, klagen skulle vore sendt vidare til fylkesmannen.

Dette er ein feil av dykkar sakshandsamar, i avvisniga gjer de det til vår feil. Me fekk ikkje ei skriftleg tilbakemelding for godkjent reguleringsplan datert 5/2-14 som naboane fekk, iflg. sakshandsamar hjå fylkesmannen skal me ha det frå kommunen.

Saka gjeld nybygg som vert så høge at det vil ta mykje utsikt frå oss, som igjen fører til stort verditap på eigendomen. Grunnflata på vår eigendom ligg 62 m o.h., medan nybygga har ei mønehøgda på 64,5 og 64 m. Noverande terreng for nybygga er vel ca 8-10 lavere enn der huset vårt står.

Me stiller oss uforståande til at me som har budd her i 42 år ikkje skal verta tatt hensyn til, framfor entreprenører som skal byggja leilighetskompleks som ikkje passar inn i området.

Er det ikkje mogeleg å senka mønehøgda? Valma tak?

Så lenge denne saka pågår må reguleringsplanen få status som "oppsettende virkning".

Med venleg helsing
Margareth Nyhammer og Frode Nyhammer